

Lukka ordklasse, men ikkje heilt. Om nye pronomen og determinativ i ordbøkene og i rettskrivingsnorma

Daniel Gusfre Ims

Språkrådet, Norge

I dette innlegget vil eg ta opp nokre problemstillingar som gjeld nye pronomen og determinativ på norsk. Nye vil her seia ord som vi til nå ikkje har funne som pronomen i Bokmålsordboka eller Nynorskordboka, men som i nokon grad er i bruk på høvesvis bokmål og nynorsk. Dei orda eg vil sjå på er *hen* (bokmål og nynorsk), *nada* (bokmål og nynorsk), *man* (nynorsk) og *dems* (bokmål). Eg vil dessutan diskutera om *ting* har fått ein ny pronominal bruk i norsk.

Pronomen og determinativ er lukka ordklassar, som først og fremst betyr at det er eit avgrensa tal på medlemmer i ordklassane, men òg at dei er relativt stengde for nye medlemmer. I skriftspråksnormeringa gjeld dette særleg personlege pronomen og possessiv, som vi skal sjå med *hen* og *dems*. For *man* i nynorsk er det eit spørsmål både om bruk og tradisjon, mens *nada* frå spansk truleg vil gå like greitt inn i både nynorsk- og bokmålsordbøker. Med *ting* dreiar det seg om eit ord som sjølvstg står i ordbøkene som substantiv, men der nyare(?) bruk av ordet ikkje er med.

Litteratur

Ordbøker

Bokmålsordboka. Språkrådet & Universitetet i Bergen. <https://ordbok.uib.no>

Det Norske Akademis ordbok. Det Norske Akademi for Språk og Litteratur. <https://naob.no>

Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet. Det Norske Samlaget / Universitetet i Bergen. <https://no2014.uib.no>

Nynorskordboka. Språkrådet & Universitetet i Bergen. <https://ordbok.uib.no>

Annan litteratur

Ims, Daniel Gusfre (2016). «Han, ho eller hen». *Språknytt* 1/2016.

<https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/spraknytt-20162/spraknytt-12016/han-ho-eller-hen/>.

Språkrådet (2021) *Retningslinjer for normering*. <https://www.sprakradet.no/Sprakavare/Norsk/normering/retningslinjer-for-normering/>

Språkrådet (2022) *Høyring om endringar i rettskrivinga*. [Blir publisert tidleg i 2022.]

Theil, Rolf & Arne Torp (2017). «Er bilen deres eller deres? Om en grammatisk defekt i bokmålet.» *Språknytt* 3/2017. <https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/spraknytt-32017/er-bilen-deres-eller-deres/>